

## **EMNEEVALUERING FOR MAPSYK 321 HAUSTEN 2017**

Emneansvarleg: Fam Olav Kjellevold Olsen



### **Innledning**

Emnet gjekk over fire samlingar i tillegg til 3 artikkelsamlingar for studentar på studierettinga «arbeids- og organisasjonspsykologi». Kvar samling bestod av 3 heile dagar.

Emnet nyttar i hovudsak interne lærarkrefter, men hentar og ein del eksterne ressursar som bidreg med praksiserfaring ut over det me finn i skriftleg pensum – og for å styrke praksisrelevansen. Anbefalt litteratur består av 1 bok pluss 27 artiklar. Det var 23 studentar oppmelde på emnet, der 22 følgde undervisinga aktivt og var tilstade på alle førelesningar. Av 23 studentar var det 23 som leverte eksamen, med i hovudsak gode karakterar.

## **Oppfølging av tidlegare evalueringar**

Me har jobba systematisk med tre endringar: For det fyrste har me innført meir erfaringsbasert pedagogikk knytt til dei ulike temaene, for å stimulere både forståing og ferdigheter knytt til anvending av teorigrunnlaget i ein arbeidslivskontekst. For det andre har me auka bidraga frå interne lærarkrefter, og gjennomfører no hoveddelen av undervisninga og opplegget sjølve. Dette skal bidra til ein betre samanheng mellom dei ulike delemma – og ein tettare kontakt mellom studentane og fagmiljøet. For det tredje har me lagt meir vekt på å etablere ein felles mental modell i forhold til mål og middel – og den enkelte faglærar sine bidrag i forhold til dette – for å stimulere ein samanheng på tvers av forelesningar og seminar.

## **Faglærers vurdering av:**

### **Undervisning og vurderingsformer**

**Undervisninga** er lagt opp som ei syntese av sjølvstudie, forelesningar, strukturerte erfaringar (i form av ulike øvingar som skal understreke teoretiske poeng), to obligatoriske heimeoppgåver med tilbakemelding, samt tre artikkelseminar med to artiklar opplagt for kvart seminar. Mi vurdering er at dette er ei variert og utfordrande pedagogisk tilnærming, som utfordrar studentane, samtidig som det bidreg til forståing av den anvendte relevansen av fagstoffet på ein god måte. Mi vurdering er også at dette er motiverande for studentane – og samstundes krevjande ift deltaking og jobbing.

Eg er og nøgd med **vurderingsforma**. Dei to heimeoppgåvene har status som arbeidskrav med stått/ ikkje bestått vurdering. Dette utfordrar studentane til å gå i djupna på kvart av dei to hovedtemaene for kurset (organisasjonsutvikling og ledarutvikling) – som stimulerer til jamn jobbing og modning, og samstundes fungerer som kontroll ift studentane sitt kunnskapsnivå. Dette gir og nyttig skrivetrening. Skuleeksamen på fire timer med to oppgåver stiller store krav til å vurdere og tenke relativt fort. Ideelt sett skulle eg sett at denne eksamenen var på 6 timer – for å gi noko betre tid til å områ seg for studentane sin del. Slik det er no, vil dei som treng litt meir tid til å tenke seg om – ha særleg krevande forhold. På den andre sida, presterte heile kullet jamt godt også på denne eksamenen.

## **Pensum**

Artikkelsamlinga treng nokre utbyttingar ift tematikk. Særleg ønsker eg noko meir fokus på digitalisering som ledd i OU og LU. Dette jobbar eg med å finne no. Hovedboka er god som perspektivutviding, men er etter mitt skjønn noko utsnevande i forma. Dvs for mange tema, og litt for mykje ord for å forklare relativt enkle ting – slik at ein står i fare for å miste oversikten i alle perspektiva. Den manglar og litt på å være relevant inn i ei anvendt setting. Eg foreslår difor at me bytter tilbake til Cummings og Woreley, ed. 10: Organization development & change – som har ein svært god struktur – og fin balanse mellom teoriframstilng og praktisk anvending.

## **Rammevilkår**

### **- lokale og undervisningsutstyr**

Lite å utsette på dette. Ideelt sett har me eit klasserom med litt lys til å køyre lange dagar – men me tek det me kan få. Svært god støtte frå Helga Marie Meling sikra ei stødig praktisk gjennomføring.

## **Studentevalueringer**

### **- Metode – gjennomføring**

Skjemaet for studentevaluering ble delt ut i papirformat på siste forelesning. Og innlevert rett etterpå. Skjemaet var på 2 sider. Første side inneholdt spørsmål knyttet til forelesningenes faglige innhold og presentasjon av fagstoffet, samt spørsmål knyttet til studentenes forberedelse og tilstedeværelse. Neste side inneholdt spørsmål om mengde undervisning og pensum, samt to åpne spørsmål knyttet til positive og negative sider ved forelesningsrekken.

Me fekk inn svar frå samlege studentar som følgde undervisinga. Under viser grafisk svar.

### - Studentenes vurderinger og tilbakemeldinger


Studentane er jamnt godt nøgde med kurset, og gir og ein del hyggjeleg munnlag og skriftlege tilbakemelding - som oppmuntrar oss alle til å jobbe vidare i den retningen me no har staka opp. Dei er nøgde med både det pedagogiske opplegget, oppfølginga og samansetninga av kurset. Særeg er måla på kor engassjerande kurset var, opplevd læringsutbytte og kvaliteten på presentasjonane gode. Nokre av dei kritiserer arbeidsmengden – og trekk fram at det er vel intensivt og travelt, særleg med relativt kort avstand mellom modulane, og oppgåveskriving kombinert med seminar førebuingar. Andre synes dagens balanse er god og trekk dette fram. Litteraturen har også forbettingspotensiale samanlikna med dei andre kriteriane (noko som kan endre seg ved innføring av ny grunnbok)..

Under viser me deskriptiv evaluering og søylediagram for dei kvantitative evalueringane.

**Descriptive Statistics**

	N	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
Hvor engassjerende? (1 lite - 7 svært)	22	5,00	7,00	5,8636	,63960
Læringsutbytte? (1 lavt - 7 høyt)	22	4,00	7,00	5,7727	,75162
Presentasjon? (1 Uklar - 7 Klar og lett å forstå)	22	5,00	7,00	5,7273	,76730
Mengde undervisning (1 dårlig tilpasset - 7 passelig)	22	2,00	7,00	5,3182	1,58524
Mengde litteratur (For lite - 7 bra tilpasset)	22	2,00	7,00	4,1818	1,22032
Valid N (listwise)	22				

Figur 1: Studentevaluering




### Faglege resultat

Det gledar oss også at karakterane på eksamen var jamt gode, med kun ein D, og svært gode topprestasjoner i form av A oppgåver, samt fleire gode B ar og stødige C'ar. Snittet ligg då på B – som eg er godt nøgd med.

Karakter	Antall
E	0
D	1
C	12
B	6
A	4

Figur 2: Karakterfordeling – og fordelt på kjønn



### Faglærers kommentar til studentevalueringen – og eksamensresultat

Evalueringane og prestasjonane er gode – og bekreftar at dei val me har gjort i forhold til særleg pedagogikk er sunne – og noko me bør fortsette med. Den viser også at studentane både som gruppe og som enkeltindivid har jobba svært godt – og bidrige betydeleg til å skape eit bra læringsmiljø. Arbeidsmengde og pensum bør me ha med som utfordringar. Eit mogleg grep er å planlegge med noko lengre tid mellom samlingane, for å gi betre tid til sjølvstudie før nye tema vert lanserte. Den positive vurdringa av pedagogikken understrekar betydninga av at me bygger opp ein kompetanse i lærargruppa på erfaringsbaserte intervensionar knytt til OU og LU. Slik det er no er me sårbare ift dette.

### Oppsummert frå emneansvarleg

Emneansvarlig og lærargruppa er nøgde med slik emnet har utvikla seg, utforminga og responsen frå studentane. Me ynskjer å vidareføre mest mogleg av dette også neste haust med nytt kull. Me er også svært nøgde med studentgruppa som aktivt har bidrige til at resultatet vart bra, både fagleg og i form av læringsmiljø. Ein svært positiv og motiverande gjeng å være med.-